

---

## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Styret for Helse Møre og Romsdal HF  
**Møtedato:** 25.03.2020  
**Tidsramme:** kl 10:00-12:15  
**Sted:** Skype  
**Saksnr.:** 23/20 - 28/20  
**Arkivsak:** 2020/73

---

**Møteleiar:**

Ingve Theodorsen

**Møtande medlemmer:**

Lodve Solholm  
Toril Forbord  
Gerd Marit Langøy  
Bjarne Storset  
Anette Lekve  
Sigurd Torvik Heian  
Hilde Furnes Johannessen

**Frå brukarutvalet møte:**

Paula Næss Skår  
Ann Helene Skare

**Forfall:**

Ingen

**Frå administrasjonen møte:**

Administrerande direktør Øyvind Bakke  
Rådgivar Marianne Gravem (styresekretær)

Styreleiar innleia møtet med å ønskje velkommen til styremøte på Skype i ein sær s spesiell situasjon med tanke på pandemi-situasjonen vi står i. Som følgje av restriksjonar på fysiske møter, blei det bestemt å ha styremøte på Skype og da med ein avkorta sakliste med dei sakene som heilt naudsynt vert behandla i styret og at andre saker blei utsett til seinare. Ein vonar ein får til eit fysisk møte i mai, og det må ein belage seg på blir eit forlenga møte for å få nok tid til dei sakene som må opp da.

Styret heidrar dei tilsette som står i ein krevjande situasjon om dagen. Styret er imponert over omstillingsevna til dei tilsette og at dei har kome med raske og gode løysingar på utfordringane ein no møter. Styret er sær stolt av Helse Møre og Romsdal.

**Sak 23/20 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Kommentar frå Hilde F. Johannessen og Anette Lekve at dei saknar bygningsmessig utviklingsplan på saklista.

**Vedtak:**

Styret for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og sakliste.

**Sak 24/20 Orienteringssaker**

Styret fekk følgjande orienteringar:

- Administrerande direktør sin orientering
  - Bygningsmessig utviklingsplan utsett til mai-møtet
  - HR – tiltak med informasjon til tilsette, avtalar med arbeidstakarorganisasjonar og løysingar for pensjonistar og studentar som ikkje får avkorting av pensjon/stipend
  - COVID-19/SARS-CoV-2 - mellom anna om smittevern og smittevernutstyr, møter mellom HF og kommunar, bestilling av utstyr.
- Helseplattformen v/Henrik Erdal, fagleg leiar HP HMR
- SNR v/ Johan Arnt Vatnan, leiar i prosjektstyret
  - Vidareutvikling av sjukehuset
  - Plassering av funksjonar
  - Medverking
  - Framdrift ikkje påverka av koronapandemien

**Vedtak:**

1. Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek orienteringane til vitende.
2. Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek brev frå Helse- og omsorgsdepartementet av 13.03.2020, om samtykke til overskridingar av gitte løyvingar som følgje av utbrot av koronavirus, til orientering.
3. Styret i Helse Møre og Romsdal HF gir administrerande direktør fullmakt til – inntil vidare- å sette til side krav i vedtekne planar og budsjett i den grad koronasituasjonen krev det. Styret ber om at dette gjerast kjent for Helse Midt-Norge RHF.
4. Styret ber om at alle ekstrakostnadar for Helse Møre og Romsdal HF sin verksemd i samband med koronasituasjonen, så langt som mogleg identifiserast.

**Sak 25/20 Referatsaker (utan saksframlegg)**

Styret har motteke følgjande referatsaker og tek dei til orientering.

- Protokoll HMN RHF 12.03.2020
- Protokoll frå AMU-møte 23.03.2020
- Protokoll frå Brukarutvalsmøte 23.03.2020
- Føretaksprotokoll – styringskrav og rammer 2020
- Føretaksprotokoll – val av styremedlem
- (presentasjon av andre styringsdokument kjem på første fysiske styremøte)

**Sak 26/20                      Statusrapport februar 2020 – kvalitet, økonomi, aktivitet**

Styret fekk ein presentasjon av økonomidirektør på statusrapporten frå februar 2020.

**Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek statusrapporten for februar 2020 til orientering.

**Sak 27/20                      Godkjenning av årsrekneskap 2019 og styrets årsberetning 2019**

Styret og administrerande direktør får tilsendt årsrekneskap og årsberetning frå revisor til elektronisk signering.

**Vedtak:**

1. Styret i Helse Møre og Romsdal HF godkjenner årsberetning og årsrekneskap for 2019 med dei merkadar og kommentarar som kjem fram under møtet. Årets underskot på 75,092 mill. kroner blir dekt av framtidige overskot.
2. Styret godkjenner erklæring om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette, inkludert retningsliner for fastsetting av lønn og godtgjersle for 2020, og legg denne fram for avgjerd på føretaksmøte.
3. Styret legg vedlagte årsrekneskap og årsberetning fram for føretaksmøte for godkjenning.
4. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i årsrekneskapet og årsberetninga.

**Sak 28/20****Godkjenning av protokoll 3/2020 – styremøte 25.03.2020****Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal godkjenner og signerer protokollen for 25.03.2020.

Skypemøte, 25.03.2020

Signert: ?

Ingve Theodorsen  
styreleiarLodve Solholm  
nestleiar

Toril Forbord

Gerd Marit Langøy

Bjarne Storset

Anette Lekve

Sigurd Torvik Heian

Hilde Furnes Johannessen